

DELEGASJONSREGLEMENT FOR ULVIK HERAD 2016-2019

Vedteke heradsstyremøte 20.4.2016

INNHALDSLISTA

Del 1 Vedtak og prinsipielle utgangspunkt	s.3
1.1.1. Innleiing og bakgrunn	
1.2. Generelt grunnlag og prinsipp for delegering.	
1.2.1 Kommunalt mynde, hovudprinsipp for delegasjon	
1.2.2 Målsetting	
1.2.3 Delegasjon – tilbakemeldingsrutinar	
1.3 Kva organ det vert delegert til	s.4
1.3.1 Politisk nivå	
1.3.2 Delegering frå heradsstyret til politiske organ og til rådmannen	s.5
1.3.2.1 Definisjonar	
1.3.2.2 Hovudprinsipp	
1.3.2.3 Generelt	s.6
Del 2 Delegasjonsreglement	s.7
2.1 Generelle føresetnader for delegering	s.7
2.2 Delegasjonsoversyn	s.8

Del 1 Vedtak og prinsipielle utgangspunkt

1.1 Innleiing, bakgrunn

Heradsstyret skal innan 31.12. året etter konstitueringa fastsetja reglement for delegasjon og innstillingsrett jf. kommunelova § 39 nr.2. Sist vedtekte reglement 22.9.2012 gjeld inntil nytt reglement er vedteke.

Ved denne revisjonen har administrasjonen valt å abonnera på KF delegeringsreglement hjå kommuneforlaget som er eit verkty for delegasjon. I dette systemet vert lovene kontinuerleg oppdaterte. Det er sett opp ein link i del 3 i delegasjonsoversynet som viser til den faktiske delegeringa etter lovverket. Elles gjeld den generelle delen i punkt 1 og 2.

1.2 Generelt grunnlag og delegeringsprinsipp

1.2.1 Kommunalt mynde, hovudprinsipp for delegasjon

Etter kommunelova av 1992 er all mynde lagt til heradsstyret, mynde som tidlegare i særlov låg til einskilde utval eller til administrasjonen vart tilpassa dette prinsippet. Heradsstyret kan delegera mynde til andre politiske organ eller til rådmannen, med mindre det er lovbestemt at mynde ikkje kan delegerast.

1.2.2 Målsetjing

Delegasjon av mynde er å gjere arbeidsformer og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Delegasjon frå heradsstyret til politiske organ gjev politikarane meir tid til å drøfte prinsipielle saker, vedta planar og retningslinjer. Ved å delegera mynde til administrasjonen til å ta avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn /regelverk eller frå kommunen sine egne planvedtak eller retningslinjer, oppnå ein fylgjande effekt:

- Politisk organ får nytta meir tid til prinsippsaker og utviklingssaker/plansaker.
- Betre administrative ressursar for tilrettelegging av prinsippsaker, skjønnsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politisk organ.
- Utnytte meir av ressursane til tenesteproduksjon.

1.2.3 Delegasjon – tilbakemeldingsrutinar

Heradsstyret sine rutinar for tilbakemelding skal gjelde jf. den politiske komiteen sitt arbeid med oppfølging av politiske vedtak.

1.3 Kva organ det no vert delegert til

1.3.1 Politisk nivå

Den nye organiseringa i Ulvik herad omfattar to politiske organ for handsaming av saker, med eige mynde til å treffa vedtak/gje innstilling: formannskapet og viltnemnd . Formannskap og valstyret har identiske medlemmar. Ut over det har andre politiske organ mynde innafor gitte rammer.

Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova § 28 nr.2. Er formannskapet underutval i ei klagesak vil heradsstyret tre inn som klagenemnd. Dette avsnittet gjeld ikkje når fylkesmannen er klageinstans.

Desse politiske nemndene, oppnemnd for perioden 2016-2019, vert oppretthaldne med sine funksjonar og sitt mynde:

- Formannskapet som valstyre, innkvarteringsnemnd og tilflyttingsnemnd
- Seniorrådet
- Kommunalt råd menneske med nedsett funksjonsevne
- Kontrollutvalet
- Forliksrådet
- Administrasjonsutvalet (partsamansett)
- Arbeidsmiljøutvalet (partsamansett)
- Heimevernsnemnda
- Samarbeidsutval (skular/barnehagar)
- Takstnemnd for eigedomsskatt (verk og bruk)
- Klagenemnd for utskriven eigedomsskatt
- Utsmykkingsnemnd
- Viltnemnd (innlandsfiskenemnd)

1.3.2 Delegering av mynde frå heradsstyret til politiske organ/rådmannen.

1.3.2.1 Definisjonar

Organ:

- Eit organ er definert som heradsstyret, formannskap, eit politisk utval eller rådmannen.

Delegering:

- Overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet av eit delegasjonsvedtak er at den ein delegerer til kan treffe avgjerd innan vedtaket sine rammer på vegner av det delegerande organet. Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gjev frå seg mynde eller ansvar på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake den mynde som er delegert. Ulvik herad er ein fleksibel organisasjon, der mynde og arbeidsoppgåver vil endrast over tid. Bruk av delegert mynde føreset legal delegasjonsfullmakt, d.v.s. at overordna organ har mynde til å delegera.

Kurante saker:

- Avgjerder som er fagleg prega og følgjer lov, føresegn/regelverk og kommunen sine eigne plan- og retningslinevedtak, og ut frå dette har lita grad av skjønn vert rekna som kurante saker. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammene for planlagt aktivitet.

Prinsipiell sak:

- Avgjerd som krev ei breiare skjønsmessig vurdering.
- Avgjerd der det er politiske vurderingar eller prioriteringar.
- Avgjerd der ein innleier ein ny praksis.
- Avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.

Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurrant skal rådmannen avklare dette med ordførar. Dei avklaringar som vert gjort utviklar ein praksis som supplerer reglane i delegeringsreglementet.

1.3.2.2 Hovudprinsipp

Når heradsstyret fastset oppgåvefordeling i ny organisasjon, skal fylgjande gjelde som hovudprinsipp:

Heradsstyre:

- Vedtaksmynde i overordna planar.
- Vedtaksmynde ved fordeling av ressursar mellom dei ulike tenesteområda (funksjonar).
- Vedtaksmynde i reglement som er vesentleg for prioritering av tenesteproduksjonen.
- Vedtaksmynde i reglement for politisk styringssystem.
- Vedtaksmynde i alle prinsipielle saker som ikkje er positivt delegert.
- Vedtaksmynde i reglement/hovudprinsipp for kommunale tilskotsordningar

Formannskap:

- Økonomiutval.
- Vedtaksmynde i alle prinsipielle saker som er positivt delegert.
- Vedtaksmynde som fast utval for plansaker.
- Vedtaksmynde som valstyre.
- Vedtaksmynde som klagenemnd.
- Vedtaksmynde for fordeling av næringstilskot inkl. jord- og skogbruk.
- Vedtaksmynde for tilskot til kulturføremål.

Vilt- og innlandsfiskeremnd:

- Vedtaksmynde i prinsipielle saker innanfor aktuelle lover og føresegner jf. del 2.

Rådmannen:

- Vedtaksmynde i kurante saker, med unntak av der heradsstyret gjennom reglement eller positivt under del 3 legg dette myndet til politiske organ.
- Mynde til å disponere budsjett innafor kvart ansvarsområde og mellom ansvarsområda.
- Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtalar innafor normal drift.
- Mynde til å fordela tilleggsløyvingane i samband med lønstingingar.
- Mynde til å avskriva beløp opp til kr. 50 000,-.
- Mynde til å krevja offentleg påtale.
- Mynde til å tildela sjukeheimplass og leiga ut kommunal bustad.
- Mynde til å tildela startlån og bustadtilskot på sosial grunnlag.
- Mynde til å fråfalle kommunal pant for lån i mindre parsellar som vert skilt ut.
- Mynde til å fordela tilskot til registrerte trussamfunn etter sentrale retningsliner.
- Mynde til å utbetala tilskot til politiske parti etter egne retningsliner.
- Vedtaksmynde i tilsettingssaker, inkludert oppseiing/avskjed/suspensjon, for alle stillingar. Mynde gjeld og fastsetjing av løn ved tilsetjing.
- Mynde til å avgjera alle personalsaker for kommunen som arbeidsgjevar etter kommunelova § 24 nr.1.
- Mynde til å vedta alle rundskriv frå KS som omhandlar tariffspørsmål.
- Mynde til å fastsetja løn ved lønstingingar etter HTA kap. 3, 4 og 5.
- Mynde til å avgjera kommunen sine arbeidsoppgåver etter hovudavtalen og hovudtariffavtalen.
- Mynde til å koma med tilråding i politiske saker.
- Mynde til å handsama saker etter forskrifter som er heimla innafor jordlova, skogbrukslova, naturmangfaldlova og matlova.

Ordføraren kan fastsetja saksgangen for prinsipielle saker.

1.3.2.3 Generelt

All delegasjon frå heradsstyret føreset budsjettdekning innafor kvart ansvarsområde.

Når det vert delegert frå politiske organ til administrasjonen går denne delegasjonen alltid til rådmannen. Dette med unnatak av der det i særlover spesifikt seier at eventuell delegasjon skal leggast til andre fagfunksjonar (kommunelege 1, brannsjef mfl.). Det er ein grunnleggjande føresetnad at saker som vert delegert til administrasjonen er kurante, dvs. at dei har klare føringar frå lover/sentrale føresegner eller frå kommunen sine eigne planvedtak/føresegner eller retningslinjer. Det same gjeld i fall sakene skal handsamast i høve til økonomiske rammer vedtekne i budsjett/økonomiplan.

I delegeringsvedtaket frå heradsstyret/politiske organ til rådmannen, føreset heradsstyret at det vert utarbeida eit eige reglement for delegering av mynde internt i administrasjonen.

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglar som fylgjer av lover, forskrifter, reglement og god forvaltningsskikk, og elles innanfor plan- og budsjetttrammer som er fastsett av heradsstyret eller anna overordna organ. Det organ som utøvar delegert mynde har til ei kvar tid ansvaret for at myndet er innanfor gjeldane lov, forskrift, reglement og overordna vedtak.

Eit organ med vedtaksmynde kan, så lenge det ikkje er hinder som er fastsett i lov, retningslinjer eller i overordna vedtak, vidaredelegera mynde.

Eit organ med vedtaksmynde kan på eige initiativ gjere om eige eller underordna organ sine vedtak, jf. Forvaltningslova § 35.

Delegert mynde kan når som helst trekkjast attende. Eit overordna organ som har mynde kan krevja å få ei sak til avgjerd, jf. Kommuneleva § 60 nr. 1.

Det organ som har fått mynde kan i særskilte høve be overordna organ om å gjere vedtak. Overordna organ kan instruere den som har fått delegert mynde til å nytte dette.

Del 2 Delegasjonsreglementet

2.1 Generelle føresetnader for delegering

Det er ei føresetnad at heradsstyret skal handsame saker dersom det i lov fastslår eller gir særleg grunn til å hevda at heradsstyret må avgjera saka, eller saka sin art tilseier at heradsstyret sjølv må avgjera saka.

Føresetnaden er vid delegering til rådmannen. Denne er avgrensa til saker som er kurante. Saker som ikkje er kurante skal leggast fram for politisk nivå. Dersom heradsstyret ikkje spesifikt har delegert, skal saka handsamast i tråd med prinsippa i 1.3.2.

I vurderinga av kva som skal reknast som kurante saker skal det liggje føre retningslinjer, planvedtak, budsjettvedtak o.a. Ved klage på eit administrativt vedtak skal saka handsamast av formannskapet (som underinstans), før evt. oversending til eksternt klageorgan (fylkesmannen).

Legg administrasjonen ei sak fram for politisk nivå kan organet avgrensa seg til å gje generelle retningslinjer for handsaminga. Tek organet avgjerd i saka, skal det så langt som

mogleg og gjevast retningsliner for seinare vurdering av tilsvarande saker slik at administrasjonen kan gjera vedtak.

2.2 Delegasjonsoversyn

Oversyn over delegerte fullmakter finn ein ved å gå inn på fylgjande lenke:

<https://delegering.kommuneforlaget.no/delegering/publikum?orgId=1233>